

Utdanningsdirektoratet
Postboks 9359 Grønland
0135 OSLO

L J

REF.
2012/6261

VÅR REF.
12/412 NIT/DGI

DATO
05.03.2013

Høyringsfråsegn om føreslåtte endringar i læreplanar i fleire fag

Vi viser til høyringsbrev datert 5. desember 2012 frå Utdanningsdirektoratet om forslag til endringar i læreplanar for fleire fag. Fråsegna vår er i to delar (dessutan legg vi ved tidlegare brev som kjem saka ved):

- 1 Innvending mot grunnleggjande endringar i norskfaget
- 2 Høyringsfråsegn om endringar i læreplanane for engelsk, matematikk, naturfag, norsk og samfunnsfag – LK06 og LK06-samisk og læreplan i norsk for elevar i vidaregåande opplæring med kort butid

1 Innvending mot grunnleggjande endringar i norskfaget

Språkrådet meiner at nokre av endringsforslaga til læreplanen i norsk som ligg føre i høyringa, vil vere i strid med norsk språkpolitikk. Om norskfaget blir grunnleggjande endra, er det ikkje tale om ei justering av læreplanen. Heilt avgjerande er det at forslaget til læreplan i norsk ikkje synest vere utvikla i tråd med den språkpolitikken Stortinget har vedteke. Vi kan ikkje gå god for ein læreplan i norsk som verkar *motsett* av dei språkpolitiske prinsippa vi er sette til å ha tilsyn med. Dei viktigaste innvendingane våre er desse:

- Nokre av dei føreslåtte endringane i læreplanen i norsk vil svekkje stoda til nynorsk skriftspråk og er derfor ikkje i tråd med norsk språkpolitikk.
- Opplæring i skriftleg norsk er kjernen i norskfaget. Skal faget avgrensast, må det gjerast på anna vis enn ved å skjere ned på skriveferdigheitene i faget.
- Det må vere krav til dokumentasjon av meistring i begge målformer på vitnemålet.
- Opplæring i skriftleg nynorsk og bokmål har mykje felles, men skriftspråka våre har ulike levekår i samfunnet – desse må det takast omsyn til når læreplanen skal endrast.
- For å sikre ei god utvikling for nynorsk tilrår Språkrådet ei satsing på tidlegare og betre skriveopplæring på nynorsk for bokmåselevar.
- For å sikre ei god utvikling for nynorsk tilrår Språkrådet at nynorskelevane får styrkt skriveopplæring på nynorsk, mellom anna gjennom å sikre at dei får opplæring i lesing og



POSTADRESSE
Postboks 8107 Dep
NO-0032 OSLO

KONTORADRESSE
Observatoriegata 1 B
NO-0254 OSLO

TELEFON
+47 22 54 19 50
TELEFAKS
+47 22 54 19 51

E-POST
post@sprakradet.no

INTERNETT
www.sprakradet.no
www.sprakradet.no

skrivning som grunnleggjande ferdigheit i alle fag på nynorsk. Dette kan gjerast ved å endre formuleringane i opplæringslova § 2-5.¹

- For å sikre ei god utvikling for nynorsk er det nødvendig med eit kompetanseløft for lærarane. Kompetanseløft for lærarane er garantien for eit godt norskfag og for at læreplanen blir realisert.
- Jamstillinga mellom målformene vil etter vårt syn best gjerast synleg ved å halde fram med å bruke omgrepa *bokmål* og *nynorsk* i læreplanverket, ikkje ved å føre inn att *hovudmål* og *sidemål*. Likeins meiner vi standpunkt karakter og eksamens karakter i skriftleg norsk bør vere i *nynorsk* og i *bokmål*.

Språkrådet er statens fagorgan i språkspørsmål. Språkrådet har ansvar for å ta språkpolitiske initiativ overfor relevante styresmakter.

I [rundskriv V-10N 2009 Informasjon om språkpolitikk](#) (30. april 2009) frå Kulturdepartementet står det som eit av fem språkpolitiske hovudmål at «det skal leggjast spesielt til rette for at nynorsk blir meir reelt likestilt med bokmål».

I saka om endringar i norskfaget har vi tidlegare peika på prinsippa i språkpolitikken om å styrkje nynorsk. Vi viser til brevet [«Overordna merknader til arbeidet med revidert læreplan i norskfaget»](#) (1. november 2012) frå Språkrådet til kunnskapsministeren og kulturministeren om intensjonane i språkpolitikken og korleis framlegget til revidert læreplan i norskfaget kan vere i strid med desse intensjonane. (Vedlegg 1) Språkrådet har òg hatt merknader til kunnskapsgrunnlaget for framlegg til læreplan i norsk. Dette kjem fram i brevet [«Språkpolitiske føringar for norskfaget»](#) til Kunnskapsdepartementet (6. mars 2012). (Vedlegg 2)

Vi er glade for at det språkpolitiske perspektivet no er til stades i høyringsbrevet. Likevel saknar vi framleis at det blir teke omsyn til dei ulike vilkåra for bokmål og nynorsk i samfunnet og for bokmålselevar og nynorskelevar i skulen. Innspela som Kunnskapsdepartementet har fått i arbeidsgruppa «Ressursgruppe for nynorsk som hovudmål», bør vere med og forme det endelege framlegget til læreplan i norsk, viss det blir vedteke å endre faget no.

¹ § 2-5 i opplæringslova, «Målformer i grunnskolen» seier i dag dette om hovudmål og opplæring: «Kommunen gir forskrifter om kva målform som skal vere hovudmål i dei enkelte skolane. Hovudmålet skal nyttast i skriftleg opplæring og i skriftleg arbeid. Frå og med 8. årstrinnet vel elevane sjølv kva skriftleg hovudmålform dei vil bruke.» Språkrådet meiner det bør gjerast tydeleg om retten til opplæring på hovudmålet òg gjeld frå og med 8. årstrinnet i grunnskulen. Vidare meiner vi det bør vurderast om denne retten kan gjelde i den vidaregåande opplæringa òg.

Språkpolitiske konsekvensar

Utdanningsdirektoratet ber i høringsbrevet om innspel til eventuelle språkpolitiske konsekvensar for endringane dei tilrår i læreplanane. Det er godt at dette no er med, jamvel om Språkrådet helst hadde sett at slike vurderingar var gjorde i sjølve grunnlagsarbeidet til høyringa for eit så sentralt fag som norskfaget. Vi legg no til grunn at det særleg blir lagt vekt på dei konsekvensane det blir peika på i høringsrunden.

I brevet «Språkpolitiske føringar for norskfaget» (vedlegg 2) kjem det tydeleg fram at den retninga Utdanningsdirektoratet staka ut for endringane i læreplanen i norsk, ikkje var i tråd med det som er gjeldande språkpolitikk.

Intensjonar og mål i gjeldande språkpolitikk er fastsett i språkmeldinga frå Kulturdepartementet, St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og meining. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk* og i språkopplæringsmeldinga frå Kunnskapsdepartementet, St.meld. nr. 23 (2007–2008) *Språk bygger broer. Språkstimulering og språkopplæring for barn, unge og vaksne*. I Kunnskapsdepartementets språkopplæringsmelding heiter det til dømes:

Et premiss for den demokratiske språkpolitikken i Norge er at de to norske målformene nynorsk og bokmål til sammen utgjør det nasjonalspråket som alle norske statsborgere har rett og, på visse betingelser, plikt til å lære. Det overordnede målet i den generelle norskplanen i Kunnskapsløftet er at alle elever skal få en bred språkkompetanse som omfatter kompetanse i både bokmål og nynorsk.

Forslaga frå Utdanningsdirektoratet til endringar i læreplanverket skal vere i tråd med intensjonane i desse to meldingane som Stortinget har vedteke. Desse føringane gjorde Språkrådet merksam på også i møte med Utdanningsdirektoratet 1. april 2011, under møte i «Forum for nynorsk i opplæringa» om det føreståande arbeidet med å endre læreplanen i norsk.

Utdanningspolitikk er òg språkpolitikk. Endringane i læreplanen kan ikkje bryte med gjeldande språkpolitikk og slik motarbeide språkpolitiske mål vedtekne i Stortinget.

Nokre av endringane som er føreslåtte for læreplan i norsk og vurderingsordningane i faget, kan ikkje seiast å vere ei justering av læreplanen. Vi meiner endringane som formulerer lågare kompetansekrav til skrivekunne i *sidemål*, rokkar ved jamstillingsprinsippet, som er heilt grunnleggjande for norsk språkpolitikk. Hittil har dette òg vore eit grunnleggjande prinsipp i norskfaget. Her ser det ut til at det å innføre omgrepa *hovudmål* og *sidemål* i læreplanen att tener til å kunne endre kompetansekrava.

Fleirtalet av elevane har bokmål som opplæringsmål; derfor vil lågare kompetansekrav i sidemålet samla sett måtte føre til lågare nynorskkompetanse i samfunnet. Det å forvente lågare kompetanse i sidemålet vil heller ikkje kunne styrkje nynorskeleven, som uansett møter mykje bokmålstekst i kvardagen – i og utanfor skulen.

Språkrådet meiner følgjeleg at ei svekking av krava som blir stilte til kompetanse i skriftleg sidemål, bryt med prinsippet om at målformene er jamstilte, og det bryt med prinsippet om at nynorsk skal styrkjast. Dermed vil dei språkpolitiske konsekvensane av utkastet til endra læreplan i norsk direkte motverke det som er måla i språkpolitikken. Språkrådet meiner derfor at ei slik svekking av opplæringa i skriftleg sidemål i norsklæreplanen ikkje kan ta til å gjelde.

For å sikre ei god utvikling for nynorsk tilrår Språkrådet ei satsing på tidlegare og betre skriveopplæring på nynorsk, i kombinasjon med eit kompetanseløft for lærarane. Ei god utvikling for nynorsk tek òg omsyn til at nynorskopplæringa er ulik for ulike elevgrupper. Elevar som har nynorsk som opplæringsmål, er i ein annan situasjon og har andre behov enn elevar som har bokmål som opplæringsmål. Desse ulike føresetnadene må liggje til grunn for endringar i norskfaget.

Diskusjonen om norskfaget bør ha med nyare perspektiv å sjå norskfaget i, ikkje minst som eit danningsfag i eit fleirspråkleg samfunn. Det kan òg godt diskuterast om nynorsk og bokmål er same språket eller to språk. I det heile saknar Språkrådet eit perspektiv i læreplanen der tospråkkompetanse framstår som eit gode heller enn som eit problem.

Den klare tilrådinga frå Språkrådet er at krava til skriftleg kompetanse i både nynorsk og bokmål ikkje må svekkjast, men styrkjast.

2 Høyringsfråsegn om endringar i læreplanane for engelsk, matematikk, naturfag, norsk og samfunnsfag – LK06 og LK06-samisk og læreplan i norsk for elevar i vidaregåande opplæring med kort butid

Om dei grunnleggjande ferdigheitene i faga engelsk, matematikk, naturfag, norsk og samfunnsfag – LK06 og LK06-samisk:

Når Språkrådet uttalar seg om grunnleggjande ferdigheiter i faga engelsk, matematikk, naturfag, norsk og samfunnsfag, er det først og fremst ei fråsegn om dei språklege grunnleggjande ferdigheitene. Gjennom desse ferdigheitene blir alle lærarar òg språklærarar.

Endringane som gjeld systematisk utvikling av dei språklege grunnleggjande ferdigheitene i faga engelsk, matematikk, naturfag, norsk og samfunnsfag, er gode. Språkrådet meiner at progresjonen i dei grunnleggjande ferdigheitene er tydelegare i dei reviderte læreplanane enn i gjeldande læreplanar. Likevel blir det avgjerande korleis det blir arbeidd med dei grunnleggjande ferdigheitene i skulen.

Det blir naudsynt med etter- og vidareutdanning for å sikre at alle lærarar i alle fag er gode lese- og skriveleiarar, anten elevane har nynorsk eller bokmål som opplæringsmålform. Lærarar i alle faga må kunne drive opplæring i fagspesifikk lesing og skriving både på nynorsk og bokmål. Denne kompetansen kan ein sikre gjennom at alle lærarar må ha opplæring i norsk som del av utdanninga si. Ein naturleg konsekvens av dei språklege

grunnleggjande ferdigheitene *å kunne lese, å kunne skrive og munnlege ferdigheiter*, bør vere at norsk igjen blir obligatorisk fag i lærarutdanninga. Det er særleg viktig at alle lærarar får styrkt kompetanse til å drive lese- og skriveopplæring, både for elevar som har bokmål og for elevar som har nynorsk som opplæringsmålform.

Om læreplan i norsk

Formålet med faget

Formuleringane om formålet for faget er vesentleg og grunnleggjande endra, ikkje justerte.

Det verkar uheldig at det ikkje er det same formålet med opplæring i *hovudmål* som i *sidemål*. Formålet med opplæring i hovudmål er å styrkje språkleg tryggleik og identitet, medan formålet med å meistre sidemål er å utvikle språkforståing og gi grunnlag for meistring. Ei slik tydeleg todeling tek ikkje høgd for at nokre elevar faktisk er tospråklege. At hovudmålet skal gi identitet, medan det å meistre sidemålet er ei instrumentell øving, verkar som eit kunstig skilje.

Språkrådet meiner òg at det er ein del av formålet med faget å ruste elevane til likeverdig deltaking i skule, samfunnsliv og arbeidsliv. Dette føreset meistring av språk og tekst.

Språkrådet saknar formuleringar i «Formålet med faget» som tek opp språksituasjonen i Noreg. Språksituasjonen er mellom anna prega av at bokmål og nynorsk er formelt likestilte, men i praksis har ulike levekår. Vi har òg fleire offisielle minoritetsspråk og innvandrarspråk i landet. Som dei fleste andre språk i Europa er norsk under press frå engelsk. Å plassere formålet med å lære nasjonalspråket på skulen inn i ein større språkleg samanheng vil vere nyttig.

Hovudområde i faget

Språkrådet meiner at endringa i talet på hovudområde i faget er god. Språkrådet oppfordrar Utdanningsdirektoratet til å nemne dei nasjonale minoritetsspråka og norsk teiknspråk spesifikt under punktet «Språk, kultur og litteratur» i skildringa av hovudområde i faget.

Grunnleggjande ferdigheiter i faget

Språkrådet meiner at *å kunne skrive norsk* inneber *å kunne skrive på bokmål og nynorsk*, og vi vil ha dette spesifisert i teksten.

Det står òg i avsnittet om *å kunne skrive* at å skrive i eit breitt utval sjanrar på skjerm og papir er særleg norskfagleg. Slik skriving er rett nok relevant for norskfaget, men òg for dei andre faga. Akkurat denne typen skriving er gjerne den vanlegaste måten å skrive på i andre fag enn norsk. Det vil vere relevant her å skildre nærmare kva som er

spesifikt for den norskfaglege skrivinga, som til dømes tekstar som drøftar språk og språkbruk, kreativ skriving med utvikling av poetisk og estetisk sans, og meir.

Kompetansemål i faget

Det synest vere ein underliggjande premiss i framlegget til ny læreplan i norsk at ein styrkjer hovudmålet ved å svekkje sidemålet. Det er ingen forskingsdokumentasjon som seier at dette vil skje. Tvert om er det mykje som talar for at særleg *skrivning* i begge målformene ikkje berre styrkjer kompetansen i sidemålet, men òg i hovudmålet. (Her viser vi særleg til forskingsrapporten «Flerspråklighet i Norge» av NTNU-forskaren Mila Vulchanova med fleire, som blei presentert på Språkdagen 2012, og som om kort tid vil vere tilgjengeleg på nettsidene til Språkrådet.)

Det er ikkje tydeleg å sjå at kompetansemåla i læreplanen faktisk er styrkte når det gjeld skriveutviklinga på hovudmålet. Derimot er det tydeleg at forventningane til skrivekompetanse på sidemålet er redusert. Samla gir dette ei svekking av det faglege nivået i skriftleg norsk.

Det er positivt at Utdanningsdirektoratet innfører nye læreplanmål som spesifiserer kjennskap til nynorsk og bokmål etter 2. årstrinn. Lesing og skriving er ferdigheiter som blir utvikla parallelt. Språkrådet meiner derfor at tidleg oppstart òg må gjelde skriving i begge målformer. Alt etter 4. årstrinn kan elevane godt drive utforskande skrivetrening òg i den målforma som ikkje har vore opplæringsmål.

Etter 7. årstrinn står no læreplanmålet «prøve ut ulike språkvariantar i eiga skriving på bokmål og nynorsk». Språkrådet meiner det er seint å drive utprøving på dette steget, og tilrår å endre dette læreplanmålet til «skrive tekstar på bokmål og nynorsk».

Språkrådet meiner at kompetansemål som skil mellom «å meiste reglar i formverket» og «å meiste *dei fleste sentrale* reglar i formverket» blir vanskeleg å differensiere. Dette ser meir ut som ulik grad av måloppnåing av det same kompetansemålet, utan at det er mogleg å konkretisere forskjellane på desse to måla.

Språkrådet meiner òg at innføringa av systematisk utvikling av munnlege ferdigheiter er positiv, og at elementa frå retorikken er gode. Vi ber likevel om at Utdanningsdirektoratet går gjennom omgrepsbruken i læreplanmåla der omgrep frå retorikken er brukte, og sikrar at dei er gode og tilgjengelege for dei relevante målgruppene.

I framlegget frå Utdanningsdirektoratet er det ikkje med noko om den nordiske språkfellesskapen for vg1 og vg2 på yrkesførebuande program. Språkrådet rår til å skrive inn eit læreplanmål på dette nivået slik at elevane på yrkesførebuande studieprogram òg skal få innblikk i den felles nordiske språkforståinga.

Norskfaget er også eit danningsfag. Språkrådets syn er at elevane skal kunne ha kjennskap til at norsk teiknspråk med sin kultur og si historie er ein del av norsk

kulturarv (St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og meining*). Språkrådet rår til at dette blir innarbeidd i kompetansemåla i norskfaget.

Ein måte å gjere dette på er ta i bruk eit av dei norske handalfabeta i samband med den tidlege skriveopplæringa. Slik vil kjennskap til skjeringspunktet mellom norsk skrift og handalfabeta i norsk teiknspråk bidra til å fremje positive haldningar til norsk teiknspråk.

Språkrådet oppmodar Utdanningsdirektoratet til å ta inn kunnskap om handalfabeta som kompetansemål under hovudområdet «munnleg kommunikasjon» etter 4. årssteg:

- kunne bokstavere og lese av enkelte ord på eitt av dei norske handalfabeta

Språkrådet foreslår òg at desse kompetansemåla blir tekne inn etter 10. steg under hovudområdet «Språk, kultur og litteratur»:

- eleven skal kunne få kjennskap til kampen teiknspråkbrukarar har hatt for å oppnå anerkjening av norsk teiknspråk, og få kjennskap til tekstar av og om døve menneske
- eleven skal kunne erfare norsk teiknspråk i bruk ved å sjå teiknspråklege filmar med norsk forteljarstemme

Vurderingsordningar i faget

Språkrådet vurderer dei ulike vurderingsmodellane etter to prinsipp: jamstilling og styrking av nynorsk. Kompetansen eleven har både i bokmål og nynorsk, må gå fram av vitnemålet, og eventuelle endringar skal styrkje nynorsken.

Modell 1: Ei vidareføring av dagens ordning – inneber ikkje endringar for stoda til nynorsk.

Modell 2: For ungdomstrinnet blir det føreslått to standpunktteknarar i norsk: éin i munnleg og éin i skriftleg. Det blir òg føreslått to moglege eksamenskarakterar i norsk, begge trekkfag, éin i munnleg norsk og éin i skriftleg norsk. Altså føreslår denne modellen at nynorsk og bokmål blir slått saman til éin skriftleg karakter i norsk (utan vektning) og at eksamen gir oppgåver som prøver både nynorsk- og bokmålskompetansen til eleven. Dette inneber at kompetansen eleven har i høvesvis nynorsk og bokmål, ikkje går fram av vitnemålet, men at ein samla kompetanse i skriftleg norsk kjem til uttrykk.

Modell 2 har to versjonar, 2.1 og 2.2, som viser to ulike vurderingsmodellar for norskfaget i vidaregåande opplæring, studieførebuande program:

Modell 2.1 inneber ei samanslåing av skrivekompetansen i nynorsk og i bokmål til éin karakter – slik som forslaget for ungdomssteget er. Det kjem altså ikkje fram kva skriftlege ferdigheiter eleven har i kvar av målformene. Dette, saman med at

læreplanen isolerer sidemål og nedjusterer krava til formalkompetanse i sidemål – som for dei fleste er nynorsk – gjer det vanskeleg å sjå dette som ei styrking av posisjonen til nynorsk.

Modell 2.1 har ein eigen karakter i hovudmål og sidemål, og innfører ein obligatorisk eksamen i sidemål etter vg3. Med denne modellen blir det altså ein synleg karakter i begge målformene, og ein kan rekne det som ei styrking av nynorsk at eksamen i sidemål blir obligatorisk. Språkrådet sluttar seg til at det skal vere obligatorisk eksamen i begge målformene etter vg3.

Modell 3: Denne modellen har ein karakter i sidemål etter vg2 og ein i hovudmål etter vg3. Modellen synleggjer kompetanse i kvart av skriftspråka, men kortar ned på tida med opplæring i sidemål.

Vidare vil denne modellen, slik vi ser det, ikkje passe godt på skular der det er elevar med ulikt hovudmål. Slike vidaregåande skular er det mange av, og oftast er nynorskelevane då i mindretal. Vi ser det som høgst sannsynleg at denne modellen fører til at undervisninga blir innretta berre mot hovudmålet det siste året på vidaregåande. Dersom hovudmålet til fleirtalet på den enkelte skulen blir lagt til grunn, vil det føre til at mange nynorskelevar får mindre undervisning på hovudmålet sitt.

Språkrådet kan ikkje sjå at nokon av modellane samla sett vil føre til ei styrking av nynorsk, bortsett frå at vi sluttar oss til at det skal vere obligatorisk eksamen i begge målformene etter vg3. Språkrådet skulle gjerne sett at ein konsekvent brukte *nynorsk* og *bokmål* i omtala av nynorsk og bokmål. Dette var vel òg intensjonane då Kunnskapsløftet blei innført. Kompetanse i begge målformene må komme fram av vitnemålet – det er ein 100 år gammal praksis. Slik kan ein få ei klar oppfatning av kva skriveferdigheiter elevane faktisk har i skriftmåla.

Språkrådet kan på bakgrunn av dei modellane som er lagde til høyring, ikkje gå inn for anna enn modell 1, sjølv om vi tydeleg ser at det er rom for forbetring av vurderingsmodellane i norskfaget.

Språkrådet har peika på nokre justeringar av læreplanen for norsk som er gode, og vi meiner at desse justeringane kan innførast i skulen frå august 2013. Likevel meiner vi at vesentlege og grunnleggjande drag ved framlegget til læreplanen i norsk, der skrivekunne i begge målformer blir nedjustert, ikkje kan ta til å gjelde frå august 2013.

Om læreplan i norsk for elevar med kort butid i Noreg:

Kort butid er definert til 6 år. Elevar med kort butid er likevel ei svært samansett gruppe. Dette meiner vi er problematisert i for liten grad i høyringsnotatet og i læreplanen. Nokre elevar har

nettopp komme og har kanskje ikkje utdanning frå heimlandet, medan andre elevar har hatt opplæring, men på eit anna språk.

Det er no nokre år sidan det har vore læreplan i dette faget. Det er viktig at denne nye læreplanen fungerer betre enn den som blei avvikla. Det viktigaste for elevane er å tileigne seg gode nok ferdigheiter i norsk til å kunne fortsetje utdanninga si og fungere i arbeidslivet. Det er eit poeng at berre elevar som treng opplæring etter avgrensa læreplan i norsk, brukar denne planen. Med andre ord bør ikkje elevar halde fram med å bruke denne læreplanen dersom det språklege nivået deira seier at dei kan følgje opplæring i læreplan i norsk.

Kompetansemåla i munnlege og skriftlege ferdigheiter kan samsvare betre. Dei munnlege måla ser no ut til å vere mindre ambisiøse enn dei skriftlege måla.

Om læreplan i norsk for elevar med samisk som førstespråk

Å sikre samisk språk i Noreg er særleg utfordrande når det gjeld lulesamisk og sørsamisk. Men også nordsamisk blir internasjonalt rekna som eit truga språk.

I samiske samfunn vekslar samisktalande mellom samisk og norsk avhengig av behov og situasjon. Særleg utanfor forvaltningsområdet for samisk språk er det mange med samisk bakgrunn som ikkje meistrar samisk. Jamvel der samisk er kvardagsspråk, kan ikkje alle lese og skrive språket.

Den gjeldande læreplanen i norsk for elevar med samisk som førstespråk tek omsyn til at elevane i tillegg til norsk også har opplæring i morsmålet sitt. Læreplanen i samisk som førstespråk og læreplanen i norsk for elevar med samisk som førstespråk er tenkte å utfylle kvarandre. Dette kjem tydeleg fram i føremålet med faget. I planen er det òg eit tydeleg komparativt perspektiv, der norskfaget skal byggje på og utvikle den spesielle kultur- og språkkompetansen som desse elevane har.

Denne læreplanen blir no gjort om til å vere ein tydelegare andrespråksplan. Det vil seie at forventningane til kompetanse i norsk blir senka. Dette kan føre til at fleire elevar vel bort samisk som førstespråk fordi dei ikkje synest at dei då får tilstrekkeleg kompetanse i norsk – noko som alt er eit problem i det samiske området. Færre elevar har samisk som opplæringsmål i 2011 enn året før (*Språkstatus 2012*). Det er problematisk å ta frå samiske elevar høvet til å få eit fullt utbygt norsk språk ved å senke ambisjonane for norskopplæringa.

Å leggje norskopplæringa opp som eit framandspråk som desse elevane ikkje kjenner til og har høyrte før, verkar uheldig, i og med at elevane veks opp i eit tospråkleg samfunn. Utdanningsdirektoratet skriv at dei vil leggje opp læreplanen som ein andrespråksplan, men situasjonen for elevar som alt er tospråklege, er annleis, og læreplanen bør òg vere noko anna enn både ein morsmålsplan og ein andrespråksplan.

Dei tidlege læreplanmåla, etter 2. årstrinn, verkar for enkle: leike og eksperimentere med språklydar. Samtidig skal elevane «samtale om norsk språk og i hvilken situasjon man bruker norsk og samisk». Denne typen metakunnskap føreset at dei kjenner til bruken av norsk språk og står ikkje i forhold til «å eksperimentere med språklyder».

«Å uttrykke følelser og tanker på norsk» er mål etter 2. trinn i generell læreplan i norsk, medan det først er etter 7. trinn elevane med samisk 1 skal meistre det same. Dette verkar lite ambisiøst og er heller ikkje uttrykk for ei funksjonell tospråklegheit.

Fleirspråklegheit er ikkje fråverande i læreplanen i samisk. Omsynet til tospråklegheit i læreplanen i norsk for elevane med samisk som førstespråk fører til ein del dubling med bruk av desse to planane: omsette tekstar, reflektere over verdiar i samiske og norske tekstar og språkpolitikk.

Det er mykje tale om identitet og språk. Dette kunne gjerne inkludert tydelegare dei andre nasjonale minoritetane, særleg kvensk. Elevane kunne til dømes lese tekstar i omsetjing frå andre nasjonale minoritetsspråk, særleg kvensk.

Kva kompetanse som er venta i nynorsk, er lite definert. Sjølv om elevane ikkje skal ha opplæring eller vurdering i sidemål, skal tekstar på både nynorsk og bokmål lesast. Å inkludere nynorsk tydelegare, som til dømes i læreplanen for elevane med kort butid, kan styrkje skriveopplæringa og gjere det fleirspråklege perspektivet tydelegare.

Fleire av kompetansemåla i den generelle norskplanen kunne vore brukte i norskplanen for elevane med samisk som førstespråk òg.

Om læreplan i engelsk for døve og sterkt tunghørde:

Hovudområdet *kommunikasjon* blir delt i *skriftleg kommunikasjon* og *direkte kommunikasjon*. Det som skil denne planen frå den ordinære læreplanen i engelsk, er at det her er opna for at munnleg språk kan romme meir enn talespråk. No heiter det «direkte kommunikasjon». Elevane kan altså sjølv velje modalitet – engelsk tale, britisk eller amerikansk teiknspråk (BSL/ASL), nettpratning og andre ulike kombinasjonar. Det er ei utfordring at få skular har kompetente lærarar som kan tilby britisk og amerikansk teiknspråk slik at elevane har eit reelt val i direkte kommunikasjon. For å kunne gjennomføre dette er det viktig at det finst nok lærarar med kompetanse.

Kompetanse i engelsk tale, britisk og amerikansk teiknspråk og skriftleg engelsk sikrar at denne gruppa òg får ein valfri tilgang til høgare utdanning både i Noreg og i utlandet. Dette kan bidra til auka deltaking i arbeidslivet for ei gruppe der arbeidsløysa i dag er høg.

Det må òg sikrast god informasjon om denne planen i skulane, no som tre skuleavdelingar for høyrselshemma blir lagde ned i 2014.

Vidare oppfølging

Språkrådet leverer med denne fråsegna sine tydelege råd for det vidare arbeidet med endringar i læreplanane i tråd med prinsipp for språkpolitikken, og stiller seg framleis til disposisjon for ytterlegare rådgiving.

Med helsing

Ottar Grepstad (s)
styreleiar

Arnfinn Muruvik Vonen
direktør

Vedlegg:

Vedlegg 1: Brev til kulturministeren og kunnskapsministeren, 1. november 2012: «Overordna merknader til arbeidet med revidert læreplan i norsk»
<http://www.sprakradet.no/upload/Aktuelt/Overordna%20merknader%20-revidert%20I%C3%A6replan.PDF>

Vedlegg 2: Brev til Kunnskapsdepartementet, 6. mars 2012: «Språkpolitiske føringar for norskfaget»
<http://www.sprakrad.no/upload/Aktuelt/Spr%C3%A5kpolitiske%20f%C3%B8ringar%20for%20norskfaget.pdf>